



Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 Oslo

Dato: 04.02.2016
Vår ref.: 2014/22562-8
Saksbehandlar: monhak
Dykkar ref.:

Førespurnad om garanti for støtte til studieplassar innan faget Prosjekt til fordjuping.

Hordaland fylkeskommune (HFK) ønskjer ein dialog med Utdanningsdirektoratet i samband med vidareutdanningstilbodet innan Prosjekt til fordjuping (PTF) som er teke ut av den oppsette studiekatalogen for *Kompetanse for kvalitet 2016-17*.

HFK har dei siste åra hatt 10- 15 lærarar årleg som har delteke på Prosjekt til fordjupingsstudiet gjennom Høgskulen i Sogn og fjordane (HiSF). Studentane har gitt gode tilbakemeldingar på studiet og HFK har erfart at dette er eit godt fagtilbod. HFK har planlagt å vidareføre dette tilbodet til sine lærarar i 2016-17, og vart difor overraska over at dette populære og viktige vidareutdanningstilbodet var teke ut av studiekatalogen.

Vi kan heller ikkje sjå at det blir tilbod om tilsvarande tilbod gjennom *yrkesfaglærarløftet*, og at det dermed kun blir mogeleg å søkje på stipend til kvalifisering for dei som manglar kompetanse, og ikkje til vidareutdanning for denne gruppa lærarar.

HiSF er villig til å vidareføre PTF-studiet hausten 2016 under føresetnad av at HFK kan garantere for minimum 20 studentar. HFK ber derfor Utdanningsdirektoratet vurdere om tilbodet kan oppretthaldast og garanterer for støtte til 20 lærarar slik at dei kan ta vidareutdanning innan dette faget.

Sidan det kjem ei ny forskrift i PTF er det ønskjeleg at tilbodet ikkje blir lagt ned, med heller styrka som eit bidrag til å stryke faglig kvalitet og gjennomføringa innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Eit viktig ledd i dette arbeidet er å gje lærarar som underviser i faget eit godt vidareutdanningstilbod.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Monica Håkonsli
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

